

■ Endå eit vogntog av vegen

Tysdag ved 15-tida fekk politiet melding om at eit estisk vogntog hadde køyrd av vegen på E 134 i Brunkeberg, like ved avkjøringa til Kviteseid. Vegen var delvis sperra fram til klokka 17. Vogntoget var ikkje køyrbart etter uhellet, og sjåføren måtte til sjekk på legevakta.

■ Åtvarar mot falske e-postar

Geir Kjartan Lid, lensmann i Kviteseid, åtvarar mot e-post-svindel. Politiet får stadig meldingar frå folk som har blitt lura. Nyleg var ein kar innom etter å ha fått ein falsk e-post frå Finn.no. I e-posten blei han beden om å stadfeste kredittkortinformasjon, betaling eller identitet.

– Han er ein av mange som har blitt lura. Over tid har det vore mange tilsvarende hendingar der ein blir manipulert til å gje opplysingar, som blir misbrukt av andre. Det er

veldig vanskelege saker å etterforske for politiet, seier Lid, som ber folk vere på vakt. Finn.no skriv på nettsidene sine at dei aldri sender ut slike typar e-post.

– Du må aldri gje ut kredittkortinformasjon via linkar i e-postar. Om du har gjeve ut informasjon ved å svare på ein falsk e-post, bør du snarast ta kontakt med banken for å sperre det aktuelle kredittkortet, skriv dei på nettsida si under tittelen «falske e-postar i omløp».

■ Opptil to millionar svidd av

Før pinseveken i Telemark skulle overta hotellet i Fyresdal, braut det ut brann i leilighetene som høyrer til. Eit mellombels overslag viser at det blei skadar for 3,3-3,5 millionar kroner. Eit skjønn er snart ferdig med arbeidet for å finne nøyaktig sum. Bygget der det var brann var forsikra for bare 1,6 millionar kroner. Dermed må Fyresdal kommune, som skal ha oppgjæret for salet til pinseveken, ut med summen som manglar.

Aktuelt

Utvikla sjølvreinsande golv



Nye tider: Svein Gløppe held fram i gardsdrifta sjølv om yngre generasjonar har overteke garden på Nord-Lognvik. Dermed får han også nytte godt av oppfinninga Lognvikgolvet, som han meiner er ein revolusjon innan sauehald.

Eit enklare liv for sauebønder flest kan bli resultatet av oppfinninga Lognvikgolvet, utvikla i Rauland. Det sjølvreinsande golvet vil spare bonde Svein Gløppe for fleire hundre arbeidstimar i året.

VTB Randi Berdal Hagen
randi@vtb.no

I dag er det mest vanleg å ha golv av strekkmetall i sauefjøsset. Dette golvet er utforma med små ruter i metall. Då seier det seg sjølv at ikkje alt forsvinn gjennom golvet, og bonden må bruke mykje tid på å måke og reinske golvet.

– Høy legg seg sjølvstøtt på golvet, og då gjeng ikkje sauelorten gjennom rutene, men legg seg oppå høyet att. Dermed må ein måke kvar dag, og ofte reinske golvet for ting som sit fast, forklarar bonde Svein Gløppe.

Men no er det nye tider i sauefjøsset på Nord-Lognvik i Rauland. Svein og kona Margit Lognvik har vore med på å utvikle ei ny type golv som sparar dei for mange arbeidstimar i veka – fleire hundre i løpet av ein lang innesesong for sauene.

– Golvet er så og seie sjølvreinsande. Ein kan faktisk seie at det er ein revolusjon, meiner Gløppe.

Maritim inspirasjon

Den tekniske utviklinga har Åge Wee i Wee Marine AS stått for. Firmaet arbeider til dagleg med flytebygger og maritime komposittdekk, men denne teknologien er brukeleg på fleire område.

Det er ikkje noko nytt å bruke komposittgolv i fjøsset. Midt på 2000-talet satsa nokre bønder her til lands på slikt golv i fjøsa sine. Lognvik og Gløppe ynskte å teste det ut, og kjøpte fyrst eit golv frå Wee Marine dei ikkje var nøgde med. Det hadde ikkje den sjølvreinsande effekten dei ville ha. Dermed starta samarbeidet om å utvikle noko som fungerte slikt dei ynskte. For eit halvt år sidan var golvet ferdig utvikla, og no er Lognvikgolvet snart klart for den opne marknaden.

– Eg trur absolutt dette vil bli ein stor suksess, som vil lette kvardagen for svært mange sauebønder, seier Gløppe, som i dag har 160 sau på nytt komposittgolv i fjøsset.

– Kommunen må i verste fall ut med to millionar kroner, men er me heldige blir det 1,7 millionar. Me må ta pengane frå salet av hotellet, så enkelt er det, seier Erik Skjervagen, ordførar i Fyresdal. Hotellbygningane blei i tida dei stod tome ikkje fullverdforsikra, men forsikra med ein sum ein meinte verdien var der og då. Forsikringsselskap var elles lite interessert i å vere med og forsikre bygga. Helle hotellkomplekset blei forsikra for seks millionar

kroner, same summen som ny elgar betaler for å overta. Beløpet var ikkje i ein slik storleik det hadde blitt om bygningane hadde vore fullverdforsikra. – Det var ei tabbe at då det blei skrivne kontrakt med pinsevennene, forplikta kommunen seg til å fullverdforsikre hotellet, seier Skjervagen. Sidan kommunen heller ikkje i perioden like før sal hadde fullverdforsikra bygga, kjem ekstrakostnaden etter brannen.



Kostbart: Brannen som starta i austenden av lilegheltene ved hotellet, svidde av ein god del av summen kommunen fekk ved salet.



Nytt: Slik ser golvet på Lognvik ut.

Slik er golvet bygd opp

For dei med interesse for detaljar, forklarar Gloppe og samarbeidspartnar Åge Wee

i Wee Marine teknologien slik: Golvet er bygd i kompositt, altså eit plastmateriale.



Gammelt: Strekkmetall er det mest vanlege å bruke på golv i sauefjøs i dag.

Det er sett saman av stenger, forma i t-profil, slik at dei er breilast øvst. Opninga mellom stengene er store nok til at lort, høg og anna får skilr gjennom, men ikkje så store at sau eller lam set seg fast. Alle stengene ligg også på same nivå, både stenger og tverrpinnar, slik at golvet blir jamt og det ikkje finst sprekkar avfallet kan gøyne seg i.

– Løyndomen ligg i avstanden mellom tverrpinnane og at alt ligg på same nivå, meiner Gloppe.

Golvet er dekt med eit anti-sklibellegg, som slit ned klauvene og skal førebygge skadar.

■ På sjøormbesøk i Skottland

Seljord-ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen, kulturkoordinatør Asbjørn Storrusten og næringsseier Harriet Slaaen er saman med prosjektleiar Gunn Marit Christenson, og Lene Hennum og Dawn Marie Syvertsen frå Telemark fylkeskommune, på partnerbesøk i Loch Ness i Skottland denne veka. Delegasjonen kjem heim i morgon.

Seljord kommune og Telemark fylkeskommune spleisar på ein forstudie til prosjektet «Landscape and the legends», kostnadsrekna til totalt 100.000 kroner.

Prosjektet er initiert av aktørane bak prosjektet «Seljord og sogene» og sjøormen som reiselivsprodukt. Dei ynskjer å greie ut om det er mogleg og interessant å etablere eit internasjonalt prosjekt for ei vidareutvikling av dei gode resultatane frå «Seljord og sogene».

Ytring

Målbruk i Fyresdal, også i ungdomsarbeid

I Kommuneinformasjon Fyresdal, februar 2012, sto eit referat frå ei ungdomsamling på Gautefall (konfirmantane).

Andreas Valebjørg innbyr også ungdom til å vere med i speidarorganisasjonane KFUK-KFUM.

Eg vil støtte aktive ungdomsleiarar slik som dykk, vi treng dykk i Fyresdal.

Men eg er svært skuffa over at de går ut i Kommuneinformasjon på bokmål, det burde ikkje vera naudsynt. Eg er ganske viss om at dykk kunne skriva desse orda på det offisielle målet i Fyresdal, nynorsk.

Eg vil minne ein kva lova seier om dette:

§ 5. Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Tilsvarande vedtak kan fylkestinget gjere for fylkeskommunen.

Så lenge ein kommune eller ein fylkeskommune ikkje har gjort vedtak som nemnt i denne paragrafen, skal han reknast for å vere språkleg nøytral.

Til vitande tek eg med kvå som gjeld i kommune i Telemark:

8. Telemark fylke

Kommune	Målform	Kommune	Målform
Porsgrunn	nøytral	Sauherad	nøytral
Skien	nøytral	Tinn	nøytral
Notodden	nøytral	Hjartdal	nynorsk
Siljan	nøytral	Seljord	nynorsk
Bamble	nøytral	Kviteseid	nynorsk
Kragerø	nøytral	Nissedal	nynorsk
Drangedal	nøytral	Fyresdal	nynorsk
Nome	nøytral	Tokke	nynorsk
Bø	nynorsk	Vinje	nynorsk

Bokmål: 0, Nynorsk 8, Nøytral: 10

Vi har mange fyresdølar som har talespråk som er nær bokmål, men alle desse innan skule, og offentleg administrasjon, skriv nynorsk svært bra.

Sume meiner «førsdalsmål» er ein av dei finaste dialektane i Noreg, som ein kulturarv ein pliktar å ta vare på.

Eg vonar også framtida sine innflyttarar ser verve av å halde på målet, og vonar dette innlegget i Kommuneinformasjon skuldast at de var litt «korttenkte».

Torleiv O. Veum